

SAKSFRAMLEGG

Tysnes kommune

AKSJONÆRTILSKOT TIL SUNNHORDLANDSSAMBANDET AS

Sakshandsamar: Steinar Dalland

Arkivsak : 17/680 -
Arkivkode: 120

... &&& Set inn vedlegga og saksutgreiinga under &&& (Ikkje slett denne lina)

Vedlegg: 1. Budsjett Sunnhordlandssambandet AS 2018
2. Sunnhordlandssambandet AS – presentasjon om selskapet

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn:

I vedlagde budsjett for Sunnhordlandsambandet AS er det lagt opp til å be om driftsmidlar gjennom ein aksjonæravtale for å finansiera selskapet sin aktivitet i 2018. Styre hadde opphavleg planlagt ei ekstraordinær generalforsamling allereie 6. november 2017, denne er p.t. utsett for å få litt meir informasjon om tilrådingar knytt til brukryssing i Sunnhordland.

I budsjettet som er lagt ved vert det føresett inntekter på kr. 615` gjennom aksjonæravtaler. Tysnes kommune har i dag over 100 aksjer og er såleis ein av dei større aksjonærane som vert beden om å gå inn med kr. 70` gjennom ein aksjonæravtale.

Vurdering:

Ei aksjonæravtale er ein avtale mellom aksjonær og tredjepart som har ulike vedtekter som partane pliktar å følgje. Aksjelova inneheld lite reglar om aksjonæravtaler, rettsleg stilling for ein slik avtale må difor fastleggjast på alminnelege kontraktrettslege prinsipp. Aksjonæravtale kan mellom anna vera eit fornuftig verktøy for å tilføra eit selskap arbeidskapital utanom dei alminnelege reglane for kapitalisering.

I dette høve vert aksjonæravtalen mellom Tysnes kommune og selskapet ei plikt for Tysnes til å betale kr. 70` til vidare drift av selskapet, ei aksjonæravtale kan ikkje slå fast at selskapet skal arbeida på ein måte som strir mot selskapet sitt vedtektsfesta føremål.

Sunnhordlandssambandet AS har slått fast at dei arbeider for ei sørleg kryssing av Langenuen, slik sett skil dei seg frå det nyoppretta selskapet som NHO er initiativtakar til Hordfast AS. Sistnemnde selskap arbeider for realisering av Hordfast, men tar ikkje særskilt stilling til traseval.

Tysnes kommune har gjennom vedtak i kommunestyre slått klart fast at me vil arbeida for ei sørleg kryssing av Langenuen. I dette perspektivet har heilt klart arbeidet til Sunnhordlands-sambandet AS relevans og dersom kommunestyre meiner at Sunnhordlandssambande AS kan ha ei viktig rolle her frametter kan det vera aktuelt å byggja dette inn i budsjettet for 2018. Det bør liggja ei føresetnad at selskapet når sitt samla mål om tilføring av driftsmidlar.

... &&& Set inn saksutgreiinga over &&& (Ikkje slett denne lina)

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

::: &&& Set inn innstillinga under &&& (Ikkje slett denne lina)

Tysnes kommune er positive til å tilføra Sunnhordlandssamdet AS driftsmidlar i storleik kr. 70.000,- for 2018 gjennom ein aksjonæravtale.

Tysnes kommune set vilkår om at selskapet når det samla målet om tilføring av kapital i storleik kr. 615.000 gjennom aksjonæravtaler.

Rådmannen får fullmakt til å teikna ein endeleg avtale.

::: &&& Set inn innstillinga over &&& (Ikkje slett denne lina)